



Arkivnr: 2016/4103-1  
Saksbehandlar: Karl Inge Nygård

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		28.04.2016
Fylkesutvalet		19.05.2016

### Infrastruktur for mottak av biogass på Mannsverk

#### Samandrag

For at gassfylllestasjonen på Mannsverk skal vere i stand til å motta komprimert biogass frå biogassanlegget i Rådalen må det etablerast kompressor med tilhøyrande infrastruktur i tilknytning til fylllestasjonen. Det er estimert at investeringa vil kome på 8,5 MNOK. Fylkesrådmannen rår i denne saka til at fylkesutvalet godkjenner ei slik investering.

#### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner at HFK Bussanlegg Mannsverk AS investerer i kompressoranelegg for mottak av komprimert biogass. Investeringa er estimert til 8,5 MNOK.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
Fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 13.04.2016****Bakgrunn**

I samband med handsaming av forprosjekt om etablering av biogassanlegg i Rådalen vedtok bystyret i Bergen 22.03.10 følgjande:

*Biogassen som blir produsert skal brukes på den mest miljømessige og økonomisk fordelaktige måte. Det legges til grunn at biogassanlegget tar høyde for alternativ energibruk dersom energisituasjonen i Bergen endrer seg.*

*Komiteen ber byrådet gå i samarbeid med Hordaland fylkeskommune for å tilrettelegge for at biogass skal brukes som drivstoff i transportsektoren.*

Fylkesutvalet fatta 29.08.12 følgjande vedtak:

*Fylkesutvalet ber administrasjonen initiere eit samarbeid med Bergen kommune med det føremål at biogass frå Rådalen kan leverast til gassbussane i Bergen i tråd med reglande om eigenregi.*

Byrådet i Bergen fatta vidare følgjande vedtak 01.11.12:

- 1. Byrådet gir byråd for byutvikling, klima og miljø fullmakt til å innlede konkrete forhandlinger med Hordaland fylkeskommune, med sikte på å få til en avtale om direkte levering av biogass frå Bergen kommune til Hordaland fylkeskommune.*
- 2. Ferdig fremforhandlet avtale skal fremlegges for byrådet for godkjenning.*

**Tekniske føresetnader for mottak av biogass**

I Skyss sine kontraktar er det i dag tilsaman 94 gassbussar, der 39 bussar er stasjonert på Haukås og 55 bussar stasjonert på Mannsverk. Fyllestasjonane på dei to bussanlegga er konstruert for mottak av flytande naturgass (LNG). Biogassen som skal produserast av Bergen kommune i Rådalen vil bli levert i komprimert form (CBG). Kommunen har opplyst om at det er utaktuelt å investere i eit anlegg for levering av flytande biogass då dette vil krevje ei investering på minimum 30 MNOK. Det vert også opplyst om at det ikkje er avsett plass til dette på anleggstomta.

For at fyllestasjonane på bussanlegga skal vere i stand til å motta komprimert biogass må det etablerast kompressor med tilhøyrande infrastruktur i tilknytning til fyllestasjonen. Konsulentselskapet COWI AS har estimert ei investering på 8,5 MNOK pr. fyllestasjon. Kva som inngår i dette kostnadsestimatet framgår av vedlagte notat frå COWI AS til Bergen kommune av 23.11.15.

**Fylkesrådmannen si vurdering**

Bergen kommune opplyser om at det i ein oppstartsfase vil vere stor usikkerheit knytt til volum biogass som kan leverast frå anlegget og at gassbussane i den første fasen framleis vil måtte driftast primært med naturgass. Fylkesrådmannen vurderer difor at det i første omgang kun bør gjerast investeringar på Mannsverk, som ligg geografisk nærast biogassanlegget i Rådalen.

Bussanlegget på Mannsverk er eigd av aksjeselskapet HFK Bussanlegg Mannsverk AS (heileigd fylkeskommunalt aksjeselskap). Sjølve fyllestasjonen er imidlertid eigd av Gasnor. Fylkesrådmannen er i dialog med Gasnor for å avklare framtidig eigarforhold knytt til denne fyllestasjonen.

Fylkesrådmannen er vidare i prosess med Bergen kommune om løysingar knytt til leveransar av biogass både på kort og lang sikt. Skal biogassen som vert produsert i Rådalen nyttast på gassbussane i Bergen må ein uavhengig av løysing investere i dagens infrastruktur. Fylkesrådmannen rår difor til at fylkesutvalet godkjenner investering i kompressoranlegg på Mannsverk estimert til 8,5 MNOK. Investeringa må gjerast av HFK Bussanlegg AS.